

VÅGÅ FJELLSTYRE**MØTEBOK**

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
611.2	Knut Øyjordet	17.09.19	34/19

**SØKNAD OM BRUK AV TERRENG FOR TRENINGSSAMLING –
GUDBRANDSDAL FUGLEHUNDKLUBB***Saksdokument:*

Søknad frå Gudbrandsdal fuglehundklubb av 05.09.19.

Saksutgreiing:

Gudbrandsdal fuglehundklubb søker om å disponere terrenget til gjennomføring av treningssamling for ståande fuglehundar 26. og 27. oktober 2019. Opplegget vil i hovudsak bli organisert som jaktprøver, med grupper der ein instruktør er med. Det blir sleppt ein hund om gongen, eller to i samslepp. Talet på grupper blir bestemt når ein får oversikt over antal deltakere. Det blir også søkt om å skyte med 9 mm startrevolver i eventuelle fuglearbeid dersom hundeførere ønskjer det.

Vedtak:

Gudbrandsdal fuglehundklubb får løyve til å nytte Langmorkje statsallmenning for å arrangere treningssamling den 26. og 27. oktober 2019 slik det blir søkt om. Løyvet gjeld ikkje innanfor grensene for Jotunheimen nasjonalpark og andre mindre verneområde i Sjodalen. Før samlinga skal val av område avklara med fjellstyret v/dagleg leder.

Det skal betalast ei avgift til fjellstyret på kr. 60,- per hund per dag. Det skal sendast ein rapport etter samlinga, med opplysningar om m.a. talet på deltakande hundar og observasjonar av rype.

Rett utskrift. Går til:

Gudbrandsdal fuglehundklubb v/Åsmund Sønsteli

Etter fullmakt

Knut Øyjordet
Dagleg leder

Kopi til:

Vågå Tamrein AS v/Pål Grev

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no